

Karakteristiske trekk ved japansk kultur og tilhøvet mellom kulturen og kyrkja

Av Dagfinn Solheim

Innleiing

Det synes som om kyrkja i Japan enno har liten kontakt med det japanske samfunnet, og ho har vanskar med å formidla budskapet slik at det blir forstått av den vanlege japanar.

«Dei fleste japanmisjonærer gjer følgjande erfaring: Etter å ha lært dei japanske orda for 'rettferd' (*gi*), 'synd' (*tsumi*), Gud (*Kami*) o.l. brukar ein desse i forkynninga, men oppdagar at den kristne meininga med orda finn liten gjenklang i japansk tankegang» (Corwin 1967,14).

Sjølv om orda blir forstått vil meininga bli tolka ut i frå deira eigen kulturelle bakgrunn. Det er enno ein barrikade mellom kyrkja og japansk kultur. Sjølv om det heile tida er nokre som blir kristne, så synes det i den seinare tid som om desse har liten innverknad i samfunnet. Dei har lett for å bli ei eksklusiv gruppe. Det er naudsynt at både forkynnarar og kristne kjenner kulturen og også tek opp viktige spørsmål og behov som melder seg i samfunnet. Når kristne lever som vitne i det dei følger Guds ord der dei er plassert i samfunnet, blir dette igjen ein innfallspport for evangeliet.

Kva er det så som særpregar det japanske samfunnet? For å forstå ein kultur er det heilt naudsynt å nå inn til kjernen eller det ein kallar verdsbilete – sml. livssyn, eit ord med noko vidare meining. I Japan finn ein to slags verdsbilete som tilsynelatande står i motsetning til kvarandre. Her vil me kort presentere desse og gi nokre særtrekk ved japansk livssyn.

Monisme (Cosmological Monism or World Affirming Religious View) (sml. animisme)

Shinto (gudeveien) er den opphavelige japanske religionen. Tilbeding av naturkreftene, av ting og fenomen i naturen har vore vanleg i Japan. Ting omkring ein som skapa undring blei sett på

som guddommeleg (fjell, elvar, planter, fuglar, dyr osv.). Desse blei gjenstand for dagleg tilbeding og ein rekna med at dei hadde innverknad på menneskelivet. I monisme er både gudar og menneske innkludert i *ei* verd. Med eit slikt verdsbilete er det typisk at




Fig. 1

ein i religionen legg meir vinn på det rituelle enn på det etiske. Religionen skal sørja for at mennesket blir sameina med og lever i harmoni med Altet (kosmos) (Andrews 1977,253). Med eit slikt verdsbilete er det ikkje noko verkeleg skilje mellom levande og døde eller mellom gudar og menneske. «Gudane (*Kami*) kan ikkje skiljast frå naturfenomen og frå menneskesamfunnet. Ved å æra gudane anerkjenner folk dei naturlege omgivelsane og menneskesamfunnet som umiddelbart tilfredsstillande og tilstrekkelege.» (ibid. 251–2). Det er naudsynt å tenkja gjennom kva dette får å seia for behovet for frelse og korleis ein tenkjer om det komande liv.

Eit dualistisk verdsbilete

I eit dualistisk verdsbilete er det tale om ei verd med fullstendig adskilte regionar. Det er ei verd for dei levande og ei anna for gudar, ånder og dei døde. Lidingane i denne vera står i sterk kontrast til det sæle livet i 'det reine landet' (buddhisme). Det er ymse måtar å nå dette landet på. Dei fleste talar om menneskelege prestasjonar, og også i buddhismen er det forskjellige stadier på veien frå det vanheilage til det reine landet. I sterk motsetning til *Shinto* som legg vekt på dette livet ser buddhismen verdien av dette livet i relasjon til livet etter døden. Måten ein lever på i dette livet avgjer korleis ein får det i livet etter døden. Men i enkelte buddhistiske

sekter kan manglar på det moralske området utfyllast med tru på Buddha eller Buddha-refleksjon (*nembutsu*).




Fig. 2

I motsetning til shintoismen finn ein i buddhismen eit verdsfornektande livssyn. Verda er delt i to avdelingar der den eine er god og den andre vond. Dei store verdsreligionane fell også innanfor denne kategorien. Universet er delt mellom ein himmel på den eine sida og ein lågare del som i buddhismen blir rekna som noko ein må koma bort frå. I dei historiske religionane er det for første gong mulig med og behov for frelse. Frelsa er ei radikal løysing på problemet med den ringare delen av universet. Ho kjem i stand ved oververdsleg hjelp som ved Amida Buddha (sml. Andrews 1977,253).

Japansk verdsbilete og praktiske konsekvensar i relasjon til kristendommen

a. Syntese og kontinuitet

Det tok lang tid før buddhismen fekk sterk inngang i Japan. Og den buddhismen som har utvikla seg er ein sterkt japansk prega buddhisme som er forskjellig frå buddhisme andre stader i Asia.

Eit viktig steg på veien var den folkelege buddhismen som blei innført noko før år 1000. Her møtte folk ei enkel lære med eit rituale og bønner som appelerte til det religiøse behov. Buddhistiske lekfolk oppfordra folk til å ta avstand frå denne verda (dels gjennom sjølvpining og streng disiplin).

Men sjølv om buddhismen no er integrert i japansk kultur, er likevel enno det japanske verdsbiletet nærmast monisme. Muṅakata Iwao definerer innfødd japansk religion slik: «Hovudkarakteristikken av japansk folkereligion ligg i at det er ein religion som tilhøyrer denne verda åleine (immanentist religious culture) (Iwao 1976, 104) (sml. fig. 3). Dette verdsbiletet er vakse fram i japanske natur- og klimetilhøve, ved daglege erfaringar i japansk samfunns- liv i fiske- og jordbrukslandsbyar. Spesielle hovedfaktorar er fedre- og naturdyrking. For at dei grunnleggjande behov skal bli dekkja er det viktig å stå på god fot med gudane, som også lever i denne verda.

Med eit dualistisk verdsbilete blir verda sett på som eit objekt som blir kontrollert av menneska. Religionen har ein tendens til å bli skilt frå dagleglivet. Men i monistiske religionar har vanleg arbeid og aktivitetar djup religiøs mening.

I møtet mellom eit monistisk livssyn og kristendomen står me ansikt til ansikt med eit viktig område for kristen misjon i Japan. Noko av det problemet ein møter her har blitt livaktig gjengitt i *Chinmoku* (stillheit), Shusaku Endo sin kjente roman om for- føljinga av romersk-katolske kristne i Japan.

b. Familien og fedredyrkinga

Familieskipnaden i Japan bind dei ymse religionane ihop. Det er saman med fedredyrking eit sentralt element i folkereligion, i «høgre» religionar og i dei nye religionane (sml. Mc Farland, Smith, Merwin). «Familie-systemet» bind og den einskilde til na- sjonen. Folket i Japan er bundne saman som ein stor familie – alle med sams forfedre (sml. japansk legende).

Heile samfunnsstrukturen i Japan er oppbygt etter dette «familie-systemet» og grunna på respekt for foreldre og overord- na (filial piety). Me møter denne tankegangen i samhøve mellom menneske i nær sagt alle slags samanhengar: i skule-systemet, i organiseringa av industrien, i språket osv. Språket tar farge etter den sosiale statusen hos dei ein snakkar med.

Fedredyrkinga har først og fremst sin plass i heimen og er gjer- ne knytta til storfamilien. Faren har hovedansvaret for fedrealte- ret som ein enno finn i dei fleste heimar i Japan. Ansvaret går så i arv til eldste sonen eller om det ikke er nokon son til elste dottera. Når desse blir kristne oppstår som regel ein konfliktsituasjon for- di det er venta at dei tar ansvar for fedrealteret på vegne av heile familien. Elles er det venta at alle familiemedlemmene skal 'vise

respekt' ved alteret. Å ikkje gjera dette blir sett på som ukjærleg eller ulojalt.

Men familiesystemet er ikkje avgrensa til 'familien eller storfamilien. Det er avspegla på mange område i samfunnet. Tilhøvet mellom folk blir ordna etter «familie-modellen». Framgang og lukke i livet oppnår ein ikkje på eit individuelt plan, men ut frå den samanheng ein står i. Om ein mislukkast kjennest dette ekstra hardt fordi det vedrører mange, og ein må be om tilgjeving hos mange – inkludert forfedrene.

Landsbyen er den andre tydelege «familie-eininga». For omkring hundre år sidan (*Meji* tida) lanserte regjeringa ein kampanje for å styrkja keisardyrkinga og samtidig fremja lokalt sjølvstyre. Kampordet var 'kvar landsby ein familie'. Folk blei oppmoda til å æra gudane, definert som lokale forfedre. Samtidig styrkte ein tanken om at eins eigne forfedre var gudar som skulle bli æra som slike. I familien blei dei som nyleg var døde vist spesiell ære, mens ein i landsbyen æra slike som hadde gjort ein spesiell innsats for folket der, oftast lengre tilbake i tida. Dei blei tilbedt av heile samfunnet. (lokal-).

For det tredje er fedredyrkinga knytta til *heile nasjonen* med keisaren som naturleg midtpunkt. På same måten som landsbyen kan også heile landet sjå tilbake på felles fedre og velgjerarar. Dette gjer at folket kjenner seg og handlar på mange vis som ein stor familie. To shintotempel (shrines) er spesielt viktige i denne samanhengen. Det eine er Ise som ser særleg knytta til keisardyrkinga (Keisardyrkinga blei offisielt avvikla etter siste verdskrig). Det andre er Yasukuni. Her blir dei æra som blei drept i krig. Dei som blei drept i krig eller på annan måte har døytt for landet blir «nasjonalgudar».

Type religion	Mennesket i høve til naturen
Immanent	Underordning
	I harmoni med nat.
Transcendent (oversanseleg)	Mennesket herskar over naturen

Fig. 3

(Frå Iwao 1976,107)

c. Praktiske konsekvensar av japansk livssyn og tilhøvet til kristendommen

1. Om tilværet, kvardagsliv og viktige behov

Japansk historiesyn er syklisk. Både historien og naturen beveger seg som i ein sirkel. Denne livssirkelen blir markert på forskjellig måte ved nyttår, *Obon* (i september) og vår- og haustjamdøger. I denne skiftande livssirkelen, som ikkje har noko personleg viljesvesen bak seg, blir menneska sin lagnad bestemt. Målet på eller nøkkelen til eit godt liv er å vera i harmoni med naturen, (sml. fig. 3) eller eit med naturen. Menneskelege behov og det endelege mål for menneskelivet er å finna i naturen og i kulturen. Det rår eit intimt samband mellom mennesket og kosmos. Det vakre i naturen peikar ikkje på ein skapar, men er eit endeleg mål i seg sjølv. I buddhismen finn ein dei grunnleggjande og endelege behov og verdjar i relasjon til det som er utafør denne verda, men dette har ikkje fått gjennomslag i vanleg japansk tankegang.

Med eit slikt livssyn har mennesket eit visst høve til å arbeida for si eiga (og familiens) lukke, men for ein stor del er det alt bestemt av ei usynleg «kraft». Etter Reischauer har «shintoismen ikkje nokon moralsk sans for skuld eller synd. Det er vesentleg ein livleg og solfylt religion» (Reinschauer 1958,473). Men heller ikkje dette er heile biletet. Dei fleste japanarar lever ein stad mellom buddhistisk pessimisme og optimisme med shintoistisk bakgrunn.

Sjølv om ein shintoist har fridom til å søkja verdsleg lukke, er ho ikkje alltid lett å finna. Mange japanarar har eit heller pessimistisk (stundom svart) syn på livet. Lukke, som består i materielle goder, rikdom, helse og heldige tilhøve i livet, blir rekna som grunnleggjande eller endelege verdjar – målet på kva som har verd i livet. Alt blir avgjort ut ifrå kva som kan gi slik lukke til familien og til ein sjølv. Svært mange religiøse handlingar er også retta mot dette: lukke i livet.

Sjølvsagt er dette begrepet svært forskjellig frå det Bibelen lærer om lukke – ei lukke ein kan oppnå også i fattigdom, forføljing og liding. Ein japanar søkjer å unngå liding og vanskar medan mykje pengar blir brukt for å oppnå moro og glede. Buddhistisk lære om ikkje å søkje nyting har ikkje hatt djup innverknad på storparten av det japanske folk. På denne bakgrunnen blir kristendomen sett på som asketisk, mot ei 'naturleg' søkjing etter

glede (nyting). Målet for ein vanleg japanar er å leva eit godt og hyggeleg liv.

Med eit syklisk historiesyn (sml. livssyn) blir det ikkje tale om evig liv i bibelsk forstand. Livet etter døden er ein nær motpart til dette liv. Behova der blir delvis møtt ved den respekt og dei gåver som blir gitt av dei som enno lever.

2. Sanning, tru og Gud

Sanningsnormen blir funnen i denne verda, av menneske. Mennesket har evne til å vite sanninga. Kunnskap eller innsikt er å forstå menneske og viktige saker i dette livet. Å finne sanninga er å finne sin eigen plass og rolle i livet. Sanninga blir ikkje bestemt av ein ufråvikeleg standard, men av menneske og livssituasjonar. Det menneske tenkjer og føler avgjer kva som er rett. Normen i livet blir såleis bestemt av gjennomsnittsmennesket. Dette står igjen i klar kontrast til sanninga i Bibelen som berre kan bli gitt menneske gjennom openberring og ei handling av ein Gud som står over denne verda.

For ein japanar betyr 'tru' at ein er ivrig i ting som vedrører religionen og tek del i visse rituelle handlingar. Det er åndsarbeid eller religiøse handlingar utført av menneske. Det treng ikkje nødvendigvis ha relasjon til eit levande vesen. I mange høve er det å visa takksemd mot avdøde forfedre eller mot 'formyndar-gudar' (Tutelary gods- *Ujigami*). I dei nye religionana har tru også ofte å gjera med å bli lekt frå sjukdom eller få hjelp i spesielle vanskar.

Tru er ikkje retta mot ein (transcendent) oververdsleg Gud. Eit monistisk verdsbilete skapar ein menneske-gud. Ved sida av naturgudar kan også menneske bli gudar. Dette gjeld spesielt slike som døydde i krig eller har gjort spesielle ting for land og folk. Men også vanlege avdøde kan bli gudar («*Kami ni naru*» eller «*Ujigami ni naru*»). Såleis kan minnetavla etter ein avdød bli flytta frå husalteret (fedre-) til «gude-hylla».

3. Om synd og frelse

I følge Bibelen er synd først og fremst opprør mot Gud og hans vilje, og dernest å vandre bort frå «veien» som er gjeven i Bibelen. Japanarane talar også om å kome bort frå den rette veien (*mayau*), men det betyr rett og slett å bevege seg vekk ifrå det som er godkjent levevis eller handlemåte. Dei kan ofte føle seg skamfulle (*haji*) overfor menneske (inkludert forfedre) og det mennes-

ke meinar, men dei står ikkje skuldig framfor ein absolutt Gud og heller ikkje overfor ei absolutt sanning som skal leia handlemåten. Ei midgjerd mot einkvan kan bli retta opp med å be om unnskyldning (*sumimasen*) medan Bibelen krev omvending og vederlag.

Det japanske ordet for synd (*tsumi*) er avgrensa til kriminelle og blir brukt når eit moralsk feiltrinn er oppdaga og refsa av andre. Når dette skjer fører det *skam* over han som har begått denne handlinga. Men noka overttyding om synd i bibelsk tyding kan ein ikkje tala om. Ordet synd er ikkje eingong å finna i eit buddhistisk leksikon (sml. illusjon). Ein vanleg japanar er oppteken med å unngå disharmoni i høve til andre menneske og med å leva i harmoni med naturen. Moralsk ureinnskap kan også bøtast på (reinsast) med rituelle handlingar. At eit menneske står som ein fortapt syndar framfor Gud er det vanskeleg for ein japanar å godta.

Bibelen talar dessuten om evig frelse og evig fortaping – himmel eller helvete. Men dette er langt frå japansk tankegang. «Få ting er så usannsynleg for ein japanar som tanken om at eins eigne forfedre skulle lida pine i helvete på grunn av misgjerningar dei gjorde mens dei levde.» (Smith 1974,54). I livet etter dette kan det nok vera tale om forskjellig grad av lukke, men på liknande måte som i det noværande liv.

Frelse slik Bibelen talar om det er og ein framand tanke. Ordet frelse (*sukui*) blir helst brukt om ein forandring av sinnstilstanden, at det blir teke bort som hindrar ei klar forståing av tilværet (sml. buddhisme). Ei klar forståing av tilværet vil gjera ein i stand til å leva i harmoni med naturen og med menneske. Eit menneske kan også vera i stand til å oppnå ein gude-liknande natur (*hotokegokoro*). Det er fare for at kristendommen kan bli farga av eit slikt miljø og understreka det menneske kan og bør meir enn Guds inngrep og handling.

4. Religiøse handlingar

Me har alt sett at religiøse handlingar ikkje er sentrert om forholdet Gud – menneske, men består i rituelle handlingar som har kraft i seg sjølv. Det blir ikkje så mykje spørsmål om hjartetilstanden hos den handlande som om sjølve den rituelle handlinga og plassen ho blir utført.

Bønene har som formål å bringa materiell velsigning. Bøna er ikkje rett *til* (personlig tilhøve) ein personleg Gud, men *retta*

mot gudar (Kami o inoru) som kan vera beskyttelsesgudar eller naturkrefter. Ein får gudane i tale ved å klappa i hendene eller ringja med bjeller. Når det gjeld forfedrene så blir det bedt *for* dei (*sozen kuyoo*) for å hjelpe til at dei blir lukkelege, og det blir bedt *til* dei (*sozen suuhai*) for eins eigen del. Forsømmelse av dette blir ofte rekna som grunnen til ulukke, sjukdom m.m. Bønene er ofte enkle som denne bønna til ei avdød mor: «Mor, ettersom eg no skal ta ein prøve for å koma inn på universitet, ver så snill å hjelpe meg.» (ibid. 142).

Ordet bøn er ofte brukt i Japan, men meininga med ordet er svært forskjellig frå kristen bøn. Difor må ein også undervise om meininga med bøn i kyrkjene. Sjølv om ein kristen kan bringe alle sine behov fram for Gud, så er hovedformålet for han å få leva i samsvar med Guds vilje.

Eit anna område for religiøse handlingar er *reinleik og heilagdom*. Det japanske ordet for dette (*kiyoi*) går ikkje på eit forhold (til Gud) men på personleg reinleik. Mange rituelle handlingar har som formål å reinsa mennesket frå flekker og tilsulking, for at han igjen kan koma i harmoni med naturen og med andre menneske.

Rettferd står sentralt i Bibelsk samanheng. For å oppnå frelse må menneske stå rettferdig for Gud. Mennesket må vende om frå syndene sine og søkje Guds rettferd. I Japan står ordet rettferd berre for menneskelege tilhøve. Grunnen for dette finn ein i dei sosiale samanhenger. Ein rettferdig mann er lojal på sin plass i samfunnet. Ofte er det og lett for kristne å søkje si rettferd (*gi*) på same måten.

Konklusjon

Til tross for at det er svært mange og kostbare tempel går ikkje japanarane ofte eller regelmessig til templa. Vanlegvis er dei i templet på spesielle festdagar og på dagar som har spesiell betydning for nokon i familien.

Mange spør om ikkje den japanske kulturen forandrar seg fundamentalt i vår tid. Det er ei rørsle mot modernisering og å tileigna seg humanistiske verdiar (ofte vesterlandske). I etikkbøker i folkeskulen blir no humanistiske verdiar undervist som ein del av etikken.

Når det gjeld ungdommen er det og ein del av dei som ikkje er

nøgde med samfunnet slik det er. Dei klagar over at landet har lagt altfor stor vekt på industriell framgang uten å ta hensyn til enkeltmennesket og deira behov.

Gamle japanske verdiar blir no konfrontert med meir universelle verdiar (kjærleik, ærlegdom o.l.). Interesse for internasjonalt samkvæme aukar og utvidar horisonten. Ei undersøking blant ungdom i Tokyo for nokre år sidan viser ein stor mistillit blant desse til japanske religionar. Nettopp moderniseringa og møte med humanistisk tankegang har vore med å skapa denne uroen.

Me må vera oppmerksom på desse tendensane. Men likevel må me føya til at det som er kjernen i japansk kultur og religion ikkje har gått i oppløysing. Dei aller fleste japanarar har eit monistisk verdsbilete, og prøver å leva i samsvar med det i harmoni med naturen. Dei har eit livssyn som seier ja til denne verda og prøver å få det meste ut av livet her. Den sterke lojaliteten overfor si eiga gruppe møter nok etter kvart meir konkurranse frå eit vidare humanistisk syn og blir også utfordra av kristendomen.

Me har sett korleis det japanske verdsbiletet har farga deira religiøse tankemåte, daglegliv og religiøse handlingar. Ord som blir brukt i kristne samanhengar blir for det meste forstått ut i frå deira eige livssyn. Den kristne kyrkja må bruke mykje krefter for å oppnå eit verkeleg møte med dette livssynet slik at den verkelege meininga med kristendomen kan bli forstått og levt ut i denne kulturen. Ein ytre forandring eller tilnærming til ein «kristen kultur» har lita meining dersom det ikkje er grunna i ein ny fødsel, verkeleg innsikt og tru på den eine, heilage Gud, skapar og einaste håp for denne verda. I dette tilfellet vil forandringa kome innafrå, etter som menneske lever ut det nye livet i Kristus. Me ber om at dette i framtida må bli tilfelle i endå større grad. Kyrkja skal ikkje berre møte kulturen i ein konfrontasjon, men også tilpasse seg i kulturen og tena (vera ei velsigning for) japanarane i deira mange behov.

Litteratur

Andrews, Allan: «World Rejection and Pure Land Buddhism in Japan» in Japanese Journal of Re. Studies, 1977 4/4 dec.

Boger, Marthy: «Ancestor Worship in Contemporary Japan» Folk vol. 8-9, 1967

- Corwin, Charles: «*Biblical Encounter with Japanese Culture*» New Life League, Tokyo, 1967
- Dumoulin, Heinr.: *Christianity meets Buddhism* Open Court Publ. Comp. Ill. 1974
- Hori, Ichiro: *Folk Religion in Japan: Continuity and Change* Univ. of Chicago Press, Chic. 1968
- Iwao, Munakata: «The Ambivalent Effects of Modernization on Traditional Folk Religion of Japan» JJRS 3/2-3 June Sept. 1976
- Merwin, John J.: «Biblical Encounter with Ancestor Veneration in Contemporary Japan» unpubl. paper, Fuller March 1976
- Morioka, Kiyomi: *Religion in Changing Japanese Society* Univ. of Tokyo Press, Tokyo, 1975
- Naokazu, Miyagi: «What is Shinto?» Cont. Rel. Japan VII/1 40-50, 1966
- Ooms, Herman: «The Religion of the Household: A Case Study of Ancestor Worship in Japan» Cont. Rel. in Japan VII (3-4): 201-333, 1967
- Plath, David: «Where the Family of God is the Family: The Role of the Dead in Japanese Households» American Anth. 66, 300-317 1964
- Reischauer, Edwin: *East Asia, The Great Tradition* Houghton Mifflin Co, Boston, 1958
- Smith, Robert J.: *Ancestor Worship in contemporary Japan* Stanford, Calif. 1970